

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 23/2004

Møtedato: 12.5.04

Arkiv nr:

F 378, FLISØYNE – INNGJERDING AV FESTE

Fjellstyret har behandla spørsmålet om inngjerding av festet fleire gonger, seinast i sak 19/03.

Festaren fekk pålegg om å redusere inngjerdinga kring hyttefestet i samband med byggeløyve. Gamal inngjerding er på 2,2 da og ny inngjerding er skissert til 1,1 da. Festaren aksepterte ikkje pålegget om å redusere inngjerdinga og klaga over Statskog sitt vedtaket. Statens landbruksforvaltning har slege fast at det ikkje er klagerett over vedtaket.

Festaren ynskjer større avstand mellom gjerde og brønn og forslår at gjerde blir flytta 1,5 m aust for brønnen. Det totale arealet har festaren berekna å auke med 40 m².

VEDTAK:

Dei fleste brønnar ligg i utmark utan inngjerding og fjellstyret kan ikkje sjå at flytting av gjerdet har noko med vasskvalitet å gjera. Festaren har fått over dobbelt så stor inngjerding enn det som er vanleg og ein kan ikkje sjå at det er behov å auke inngjerding. Fjellstyret held fast ved tidlegare vedtak og vil ikkje tilrå at festaren får utvide inngjerdinga.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 13.5.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog